
Saksnr: 2022/50962-15
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.11.2023

Høyringsuttale til konsesjonssøknad om å byggje Øygarden transformatorstasjon

Forslag til vedtak

- Vestland fylkeskommune er positive til tiltaket gjeve at Statnett følgjer opp administrativ motsegn knytt til kulturminne. Vi anerkjenner at tiltaket vil bidra til elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår. Vi støttar difor søknaden og ser fram til å sjå dei positive effektane det vil ha på samfunnet vårt.
- Fylkeskommunen ber Statnett følge opp den administrative motsegn,. For å unngå konflikt med freda kulturminne må traséen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset endrast til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og detaljplan må konkret skildre korleis eksisterande straumkablur Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast.
- Fylkeskommunen ser at Statnett ikkje har omtala folkehelse som eige tema i KU. Folkehelse nemnast stykkevis i fleire deltema gjennom dokumentet, noko som gjer det vanskeleg å vurdere samla verkandar. Fylkeskommunen ber NVE leggje vekt på folkehelse i vurderinga av søknaden.
- Fylkeskommunen ber om at Statnett arbeidar breitt vidare med avbøtande tiltak.

Samandrag

NVE har sendt konsesjonssøknaden for bygginga av Øygarden transformatorstasjon på høyring. Statnett SF og BKK AS er søkjarar. Transformatorstasjonen skal sikre forsyningstryggleik og auka nettkapasiteten i regionen. Vestland fylkeskommune er høyringsinstans og fylkesutvalet vedtek høyringsuttalen i saka. Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse reiser motsegn til traséval for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset grunna konflikt med fleire kulturminne.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknader, frå Statnett SF og BKK AS, for ny transformatorstasjon og koplingsstasjon, samt å leggje om fem luftleidningar inn til ny stasjon i Øygarden kommune i Vestland fylke. Søknadene er no på høyring, og Vestland fylkeskommune har høve til å uttale seg i saka. Det er ein del av fylkeskommunen sitt ansvar å gje innspel på slike søknader, særleg når dei har potensielle konsekvensar for Vestland.

Bakgrunnen for søknaden er at det ventast stor forbruksvekst i området både innan industri og alminneleg forbruk. Konseptvalutgreiing (KVU) for Bergen og omland, som tidlegare er sendt til Olje og Energi departementet, viser behovet for å forsterke transmisjonsnettet som forsyner regionen med kraft. Det er planar om stor forbruksvekst i området, og det er allereie reservert kapasitet i området tilsvarende middelscenariet i KVU-en. Statnett publiserte hausten 2022 ein områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet, som viser ein trinnvis plan for auka kapasitet og fornying av aldrande anlegg som ikkje møter krava som stillast til transmisjonsnettstasjonar i dag. Som ledd i nettutviklinga i området er det behov for å spenningsoppgradere eksisterande nett frå Sogndal via Modalen til Kollsnes. Dei omsøkte tiltaka vil betre forsyningstryggleiken og auke kapasiteten i nettet i regionen.


Det er viktig for fylkeskommunen å sikre at tiltaket er i tråd med ynskja utvikling og at konsekvensane av tiltaket er godt nok utgreidd. Dette er ei moglegheit for fylkeskommunen å uttrykkje sine synspunkt på planane og kome med forslag til tiltak som kan redusere negative verknader. Dette er ein viktig del av høyringsprosessen og gir fylkeskommunen ei røyst i avgjerdsprosessen.

Vedtak i denne saka sendast til NVE som Vestland fylkeskommune sin høyringsuttale.

Skildring av tiltaket

Statnett søkjer om konsesjon for er å byggje ein ny transformatorstasjon ved Kollsnes i Øygarden kommune. Stasjonen skal erstatte den gamle Kollsnes stasjon, som ikkje har nok kapasitet til å møte det aukande straumbehovet i Bergen og omland.

Stasjonen skal vere ein innandørs gassisolert løysing, som har lågare støy- og feltutslepp enn tradisjonell luftisolert løysing. Stasjonen skal også ha eit mindre arealbehov og eit meir estetisk utsjånad. Det er likevel snakk om store areal med om lag 80 000 m² inngjerda areal.



Figur 1: illustrasjon av omsøkte Øygarden transformatorstasjon

Stasjonen skal vere ein del av spenningsoppgraderinga frå 300 kV til 420 kV i transmisjonsnettet, som vil auke overføringskapasiteten og tryggleiken i straumforsyninga, samt leggje til rette for meir forbruk, ny industri og meir elektrifisering i regionen. Stasjonen er estimert til 17 felt.

Statnett har vurdert fleire alternative plasseringar for stasjonen, og valt den som, etter deira syn, gir minst inngrep i landskapet, naturverdiar, friluftsområde og bustader. Statnett har også vurdert ulike alternativ for å leggje om fire eksisterande 420/300 kV luftleidningar inn til den nye stasjonen, og valt det alternativet som gir minst inngrep i dei same omsyna.

Statnett har gjennomført ein konsekvensutgreiing for tiltaket, som viser at det vil ha liten til moderat negativ verknad på dei fleste tema som er undersøkt. Dei største negative konsekvensane er knytt til landskapsbilete, naturmangfald, friluftsliv og kulturminne. Saksframlegget går meir inn på dei negative konsekvensane og tilhøyrande moglege avbøtande tiltak under dei høvesvise temaoverskriftene.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført i samsvar med m.a. rettleiar M1941 og handbok V712, og er i hovudsak gjennomført i forhold til lokaliseringsvurderinga. Det vert oppgitt under kapittel 6, side 32 i konsesjonssøknaden frå Statnett at «*Enkelte avbøtande tiltak er omtalt under aktuelle tema. Avbøtande tiltak kan bli utredet vidare som følge av innspill fra omgivelsene i høringen av konsesjonssøknaden*»

Anlegget som er omsøkt er svært viktig for samfunnet. Fylkesdirektøren meiner det er positivt at anlegget vert lagt tett opp til allereie etablert anlegg på Kollsnes, men ser av utarbeidd KU at det er negative konsekvensar knytt til både alternativ1 og alternativ2.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse jf. kapittel 7 i «Reglement for fylkesutvalet», og jf. kapittel 22 i «Delegering etter særlov» i Vestland fylkeskommune sitt «Reglement for folkevalde organ og delegering».

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Realiseringa av Øygarden transformatorstasjon vil mogleggjere fleire arbeidsplassar i regionen og vil ha ein viktig rolle for å kunne utvikle verdikjedar mellom anna innan karbonfangst og CCUS.. Transformatorstasjonen vil bidra til å møte auka forbruk i regionen og gjennomføre spenningsoppgradering til 420 kV. Dette vil støtte overgangen til reinare energikjelder, som kan gje grønare arbeidsplassar gjennom ny grøn industri og elektrifisering av eksisterande industri.

Tiltaket har inga direkte innverknad på økonomien til fylkeskommunen.

Klima:

Ny Øygarden transformatorstasjon skal mogleggjere auka forbruk av rein energi til elektrifisering og ny grøn næring i regionen. Klimaeffektane av tilknytning av havvind til kraftnett og elektrifisering av kraftkrevjande industri er ikkje forsøkt talfesta i søknaden, men vil truleg ha positive klimaeffekt på sikt. Likevel vil det vere klimagassutslepp knytt til endra arealbruk for å byggje transformatorstasjonen.

Miljødirektoratet sin mal for utrekning av utslepp knytt til arealbruksendringar er lagt til grunn for vurderinga. I konsekvensvurderinga vert det vist til at dei to lokalitetane vil ha Saksnr: 2023/83448-1 Side 3 av 3 ulikt klimagassutslipp. Begge alternativane har dei same bygningane, men arealbeslag og tilkomst ved veg er ulik. Alternativ 1 «Nord» vil ha høgast utslepp med om lag 15 000 tonn CO₂ ekvivalentar, medan alternativ 2 vil ha utslepp tilsvarande om lag 8600 CO₂ ekvivalentar.

« Den største forskjellen i klimagassutslipp mellom alternativene skyldes arealbruksendring. Dette er det to grunner til. Den første og mest åpenbare er arealforskjellen, henholdsvis 253 daa for alternativ 1 og 103 daa for alternativ 2. Den andre grunnen til den store forskjellen er arealtypen. Plassering for alternativ 1 er hovedsakelig i et område med arealtype skog som inneholder mer karbon enn arealtypen «åpen fastmark» som hovedsakelig er den arealtypen i området for alternativ 2.

Oppføring av nye bygninger er antatt å være lik for begge alternativene. Klimagassutslipp for bygningene står for 7 541 tonn CO₂-ekv.

Etablering av ny veg for tilkomst til stasjonsområdene er tilnærmet lik for de ulike alternativene, henholdsvis 192 tonn CO₂-ekv for alternativ 1 og 153 tonn CO₂-ekv for alternativ 2. Det bemerkes at arealbruksendring for veg er medtatt inn i det totale arealbruksendringens utslippet.» (s201 i konsekvensutgreiinga)

Vi stiller spørsmål ved om avbøtande tiltak bør vurderast også med tanke på klimagassutslepp?

Statnett skriv i søknaden at dei håpar på å byggje GIS-anlegget med ein meir miljøvenleg isolerande gass enn den tradisjonelle SF₆-gassen, som er ein klimagass.

Transformatoren er naudsynt for å kunne utvikle ny grøn industri i Bergensområdet. Denne industrien vil kunne hindre veldig store klimagassutslepp ved å produsere produkt som kan erstatte fossile produkt eller å gjere kraft tilgjengeleg for CCS- og CCUS. Dette vil kunne spare store klimagassutslepp. Den nye transformatoren vil ha ei nøkkelrolle i kraftforsyninga og er helt naudsynt for å kunne utvikle nye grøn industri i området.

Kulturminne:

Som regional kulturmiljømynde har vi ansvar for vesentleg regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser i Vestland fylke. Våre interesser er primært knytt til automatisk freda kulturminne, freda bygningar/bygningsmiljø og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Vårt sektoransvar er heimla i § 3 i forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova (ansvarsforskrifta).

For å sikre at søknaden ikkje kjem i konflikt med interessene Vestland fylkeskommune er sett til å forvalte har avdelingsdirektør for kultur og folkehelse funne det naudsynt å fremme motsegn innan kulturarvsområdet.

Administrativ motsegn

Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse reiser motsegn til søknad om ny Øygarden transformatorstasjon og å legge om luftleidningar inn til stasjonen, då verknadene konsesjonssøknaden vil få for kulturminne av nasjonal verdi, ikkje er tilstrekkeleg ivaretekne. Motsegn vert reist med heimel energiloven § 2-1, sjuande ledd, og etter vurderingar i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Kulturmiljøet er av nasjonal verdi (punkt 2 a), og konsekvensane er av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta kulturmiljøinteressene (punkt 2b).

Det vert reist motsegn til følgjande punkt:

- trasé for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset er i konflikt med kulturminne id. 97651, 97637, 299215, 299217, 299219, 299221, 299222, 299226, 299228, 300996, 304033 og 94874 jamfør kulturminnelova § 3.

Motsegna blir trekt når traséen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset blir endra til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og plasseringa av leidninga og mastepunkt blir vurdert av avdelingsdirektør for kultur og folkehelse til å ha minst moglege innverknad på dei automatisk freda kulturminna i området.

riving av eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kollsnes er i konflikt med kulturminne id. 299224, 299227 og 94874 jamfør kulturminnelova §§ 3 og 8.

Motsegna blir trekt når detaljplan konkret skildrar korleis eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kollsnes skal rivast. Vi legg til grunn at dette kan gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne (id. 299224, 299227 og 94874).

Saksutgreiing

Det er søkt om etablering av ein ny transformatorstasjon og å legge om luftleidningar inn til stasjonen aust for Kollsnes industriområde i Øygarden kommune. I samband med saka sendte Statnett ein førespurnad om vurdering av tiltaksområdet jf. kulturminnelova §9 i e-post datert 06.04.2022. På bakgrunn av dei tidlegare kjende kulturminna i planområdet og i nærområdet, og dei topografiske forholda, vart tiltaksområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Den arkeologiske registreringa blei gjennomført i 2023.

Resultat frå arkeologisk registrering

Det blei registrert 16 nye automatisk freda kulturminne i form av busetting-aktivitetsområde frå eldre og yngre steinalder og overgangen mellom steinalder og bronsealder (id. 299215, 299217, 299219, 299221, 299222, 299223, 299224, 299226, 299227, 299228, 299229, 299244, 299245, 299246, 300996, 304033), og tre ikkje freda funnstader frå steinalderen (id. 299275, 299276, 303268). Funna viser ein gjentakande bruk av området frå dei tidlegaste tider i steinalderen, då folk først kom til denne kysten, og fram til bronsealder. I tillegg til gjenstandsfunn frå steinalderbusetnaden er det tatt ut dateringsprøver frå kolhaldeg jord som kan vere spor etter bråtebrenning i samband med jordbruk i utmarka i perioden mellom yngre steinalder, bronsealder og overgangen til jernalder.

Det var frå før kjend seks automatisk freda kulturminne frå steinalder, jernalder og mellomalder i tiltaksområdet. Desse vart kontrollregistrert og alle var intakt (id. 95459, 66447, 95460, 97651, 97637, 94877).


Kulturminnefagleg vurdering

Ny leidning over Straumsneset er planlagt å passere direkte over kulturminna med id. 97637, 299221, 94874 og nær fleire andre. Den vil gå gjennom eit kulturlandskap med høg tettleik av automatisk freda buplassar/ aktivitetsområde frå steinalder, bronsealder og eldre jernalder. Litt lenger nord, på vestsida av Kvernapollen, er det i tillegg tre tufter frå mellomalderen. Påverknaden frå ny leidning vil innebere nærverknad, visuell fjernverknad og potensielt direkte inngrep i automatisk freda lokalitetar, og kulturmiljøet vil bli sterkt forringa og tiltaket vil gi alvorleg konsekvens. Kulturminna ligg på begge sider av Osundet og visuell kontakt med sjøen og mellom lokalitetane over sundet er svært viktig for opplevinga av kulturlandskapet. Vestland fylkeskommune vurderer at desse tiltaka er både i direkte konflikt med kulturmiljøet, og at master og leidningar vil være utilbørleg skjemmaende i eit så verdifullt kulturmiljø.


Dei eksisterande straumkablane for distribusjonsnett, sentralnett og regionalnett passerer direkte over kulturminne id. 299224, 299227, 299229, 94874 og nær kulturminne id. 299245 og 299246.

Regionalnett Lindås – Kollsnes er planlagt rive og passerer direkte over kulturminne id. 299224 og 299227 og nær id. 94874. I tillegg er den vestlege delen av sentralnett Litle Sotra- Kollsnes planlagt riven og leidninga skal leggst om. Tiltaket kjem svært nær kulturminne id. 299227. Riving av eksisterande straumkablur Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kollsnes er i direkte konflikt med fire automatisk freda buplassar/ aktivitetsområde frå steinalderen. Rivinga vil potensielt vere positivt for kulturmiljøet, men dette må gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i kulturminna.


Det er ingen kjende automatisk freda- eller nyare tids kulturminne på sjølve tomta for ny transformatorstasjon.




Figur 2 Utklipp av konsesjonskart (Statnett).



Figur 3 Utklipp frå kulturminnedatabasen Askeladden.



Figur 4 Utklipp av konsesjonskart (Statnett).



Figur 5 Utklipp frå kulturminnedatabasen Askeladden.

Andre merknader i høve kulturminne og kulturmiljø

Merknader til konsekvensutgreiing

Det er oppført to namn som utgreiarar for konsekvensutgreiinga for kulturmiljø kor av eitt er Heidi Joki. Ho er no sakshandsamar i saka ved seksjon kulturarv i Vestland fylkeskommune. Joki arbeida

med konsekvensutgreiinga då ho jobba i Multiconsult, men har ikkje vore involvert i hovuddelen av arbeidet og ferdigstillinga. Konsekvensutgreiinga er datert 5. juni 2023, medan Joki slutta i Multiconsult i februar 2022. Det er dermed ikkje riktig at det er Joki som har skrivne konsekvensutgreiinga, og namnet bør fjernast frå dokumentet for å unngå misforståingar.

Alternativ

Det er gjennomført arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova innanfor og i nærområdet til tiltaksområdet for alternativ 1 Øygarden, medan det ikkje er gjort tilsvarande for alternativ 2 Trondalsvatn. Dette vil gi eit skeivt bilete av dei to alternativa når dei nyregistrerte automatisk freda kulturminna vert inkludert i konsekvensutgreiinga. Potensialet for funn av nye automatisk freda kulturminne er likevel lågare i tiltaksområdet for alternativ 2 enn det er i området ved alternativ 1. Dette bør komme tydeleg fram i konsekvensutgreiinga.

Influensområde

Influensområdet er definert som 1 kilometer radius rundt transformatorstasjonen, men tiltaket inneber også riving av eksisterande og oppføring av nye luftleidningar. Influensområdet må difor også inkludere området rundt dei nye luftleidningane. Spesielt gjeld dette området lengst aust på Oksneset som no er utanfor det definerte influensområdet. Det er registrert to automatisk freda kulturminne på Ljøsøyna som ligg innafør influensområdet (1 km) til luftleidninga.

Inndeling i delområde og verdivurdering

Konsekvensutgreiinga for kulturmiljø må oppdaterast til å inkludere dei nye kulturminna som har blitt registrert i 2023.

Kulturmiljø 5 Kollsnesvatnet består av to automatisk freda gravrøyser frå jernalderen, Askeladden id. 94862, 94863. Det er i konsekvensutgreiinga kommentert at vernestatusen på desse må avklarast med kulturminnemyndet. Korrekt status er at begge gravrøysene berre delvis blei arkeologisk utgravne på 1990-tallet, og begge er automatisk freda.

Det er tidlegare registrert mange arkeologiske funn og lokalitetar innanfor influensområdet. Fleire av desse har blitt arkeologisk utgravne og fjerna i samband med ulike tiltak. Lokalitetar som har status som fjerna i Askeladden er ikkje lenger å sjå som ein del av eit kulturmiljø. Kulturminna som er definert som funnstader kan inkluderast om dei ligg nær andre kulturminne som utgjer eit kulturmiljø. Inndeling i delområde og verdivurdering må difor bli revidert.

Påverknad

Påverknaden av dei nye kraftleidningane i luft er ikkje omtalt. Den planlagde luftleidninga mot aust vil krysse Osundet og vere svært dominerande i landskapet. Riving av eksisterande og etablering av nye kraftleidningar er viktig for vurderinga av påverknad på kulturmiljøa.

Det er positivt at det er laga synlegheitskart, men dei er zooma for langt ut. Det er dermed vanskeleg å sjå påverknaden på delområda i influensområdet. Vi ber om at det utarbeidast synlegheitskart som er zooma inn til å vise påverknaden innanfor influensområdet for tema kulturmiljø.

Detaljplan

I detaljplan skal det skildrast korleis eksisterande straumkabel Lindås-Kollsnes skal rivast. Dette må gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne (id. 299224, 299227 og 94874). Vi legg til grunn at dette vert gjort i tett dialog med regional kulturmiljømynde.

Konklusjon

Søknaden kjem i konflikt nasjonale kulturminneinteresser som Vestland fylkeskommune er sett til å forvalte, og finn det naudsynt å fremme motsegn etter vurderingar i tråd med Rundskriv T-2/16.

Motsegna blir trekt når traséen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset blir endra til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og plasseringa av leidninga og mastepunkt vert vurdert av avdelingsdirektør for kultur og folkehelse til å ha minst mogeleg innverknad på dei automatisk freda kulturminna i området. Vidare må detaljplan konkret skildre korleis eksisterande straumkablur Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast. Vi legg til grunn at dette kan gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne (id. 299224, 299227 og 94874).

Vestland fylkeskommune oppmodar Statnett om å gå i dialog med regionalt kulturmiljømynde for å imøtekomme motsegnspunkta.

Folkehelse og friluftsliv:

Fylkesdirektøren saknar ei samla vurdering av konsekvensar for folkehelse i konsekvensvurderinga som ligg til grunn for søknaden frå Statnett. Fleire deltema som konsekvensvurderinga omfattar vil og kunne ha konsekvensar for folkehelsa. Det er viktig å sjå forventa og moglege konsekvensar frå det omsøkte tiltaket, og forslag til avbøtande tiltak i ein større heilskap. Dette vil vere i samsvar med føre-var prinsippet som vektlegg både det å hindre helseskade og førebygge akutte situasjonar, og å arbeide for å fremje helsa til befolkninga. Vi viser til helsekonsekvensutredning på nettsida til Helsedirektoratet for ei mogleg tilnærming. [Helsekonsekvensutredning - Helsedirektoratet](#). Deler av denne vil kunne vere aktuell å sjå nærare på også i denne konkrete saka. Eit slikt arbeid kan og bidra til det vidare arbeidet med avbøtande tiltak.

Landskap/Estetikk

Tiltaket medfører at det skal etablerast høge bygg med store grunnflater, og lange fasadar. Det er gjennomført synlegheitsanalysar som byggjer på Statnett sine 3D-modellar. Anlegget kan vere synleg opp til 10 km ut frå planlagt tiltak. Det vil liggje på ein meir open og synleg stad enn den allereie etablerte bygningsmassen. Sjølv om det allereie er etablert industri i området som er synleg, bør det vurderast avbøtande tiltak som bidreg til å redusere både nær- og fjernverknaden av tiltaka (heilt eller delvis) i det planlagde stasjonsområdet jamfør kapittel 3.8.

«3.8 Avbøtende tiltak

Tiltaket har et stort volum som dominerer over landskapet skala. De største utfordringene for landskapstilpassning er å tilpasse bygningsmassene til terrenget og skalaen. På grunn av det nakne landskapet, kan det være vanskelig å skjule landskapsinngrep med blant annet voller og vegetasjon. Likevel er det tiltak som kan gjennomføres for å redusere skadene tiltaket påfører landskapet:

- *Det bør velges materialer som er tilpasset omgivelsene, og farger på bygg og komponenter bør tones ned slik at de tilpasses landskap og vegetasjon.*
- *Tiltaket bør vurderes bygd lavere i terrenget for å redusere den visuelle størrelsen og skalaen, spesielt på avstand. Dette gir imidlertid større mengder overskuddsmasser som må kjøres bort. Slik de to alternativene er planlagt, ligger det fyllinger i retning mot Rossnes og boligområdet der.*
- *På Kollsnes bør det vurderes å bruke voller for å skjerme innsyn. Vollene må tilpasses landskapet og revegeteres med stedegne arter. For alternativet ved Trondalsvatnet er det mindre aktuelt med voller på grunn av landskapets bare utseende.»*

Friluftsliv

Området for transformatorstasjonen er registrert som naturtypen kystlynghei i naturbase. I følge fakta-ark i naturbase er det spor etter tursti i lokaliteten. Området for ny transformatorstasjon er ikkje omfatta av kartlagde friluftslivsområde, og friluftslivsinteressene i stasjonsområdet er truleg små. Når det gjeld ny luftleidning til stasjonen så er denne planlagt rett over eit svært viktig friluftslivsområde: Uteveggen. Dette er eit av dei mest populære klatrefelta i Øygarden, og er eit felt som er eigna for barn og nybyrjarar grunna mange relativt lette ruter. Området ligg avskjerma til og har moglegheiter for telting og bål plass.

Eit klatrefelt er ein type friluftslivsområde der ein typisk oppheld seg på ein avgrensa plass over fleire timar av gangen. Å legge ei høgspenninglinje så og sei rett over klatrefeltet vil difor potensielt sett vere svært uheldig for bruken av området. Linja vil opplagt vere eit visuelt forstyrrende element, men mange vil og kunne oppleve det som ubehageleg å skulle opphalde seg under eller like ved sidan av ei høgspenninglinje. Fylkesdirektøren meiner difor at linja heller bør leggest parallelt med eksisterande leidningar i sør med omsyn til friluftsliv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar i hovudsak opp under FN sitt berekraftsmål 7 – rein energi til alle.

Tiltaket er i tråd med handlingsprogrammet 2022 – 25 for Planen Berekraftig verdiskaping, Grøn næringsutvikling, delmål 1, strategi 1 og 3 – «Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen» og «Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringar til heile fylket».

Tiltaket er òg i tråd med vedtatt deltema «Kraftnettet» i regional plan for fornybar energi 2023 – 2035.

Konklusjon

Fylkesdirektøren anerkjenner behovet for å styrke kraftforsyninga i regionen for å møte stor forbruksvekst, både innan industri og alminneleg forbruk. Dette krev eit styrka transmisjonsnett som forsyner regionen med kraft. Fylkesdirektøren støttar tiltaka då dei bidreg til å betre forsyningsikkerheita og auke kapasiteten i nettet i regionen, men oppfordrar likevel til endringar.

Fylkesdirektøren ser at det er potensielle negative konsekvensar knytt til tiltaka slik det er skildra i konsesjonssøknaden, spesielt i forhold til kulturminne, folkehelse, landskapsbilde, klima og friluftsliv. KU for folkehelse bør utarbeidast. Fylkesdirektøren oppfordrar difor til ytterlegare tiltak for å redusere desse negative verknadane.

Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse har reist motsegn til ny linjetrasé inn til den nye transformatorstasjonen, då verknadene av denne gjer at, omsynet til kulturminne av nasjonal verdi, ikkje er tilstrekkeleg ivareteke. Denne delen av tiltaket må endrast til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og detaljplan må konkret skildre korleis eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast.